

9.klasse. Har ikke fått noe karakter ennå.

Khalid Hussain , "Pakkis".

Utgjeven i 1986 av Tiden Norsk Forlag.

Forfattere var 16 år når han skreiv boka. Hovudgrunnen til at han laga denne romanen, var at han ville ha bort mytene om at innvandrarungdommen og innvandrarane generelt er grunnen til kriminalitet og narkotika her i landet. Forfattere prøvar å gje oss eit bilete på korleis dei unge innvandrarane har det, både heime hjå familien og elles i samfunnet. Han håpar på forståing frå dei som les boka. Boka har 134 sider, og er delt inn i 21 kapittel.

"Pakkis" er skriven av ein pakistansk innvandringut som er vaksen opp i Noreg, den fortel oss om den konfliktfylte kulturkollisjonen som barn av innvandrarar opplev. Romanen er skriven om ein 15 år gamal pakistansk gut, han heiter Sajjad. Faren hans vil at han skal gå med posebukser, gå i moskeen og be dei islamske bønene. Dette er krav som ikkje er enkle å oppfylle når han ikkje eingong kan snakke urdu, og han torer ikkje visa seg for venene sine i den teite posebuksa. Problemene blir berre enda større og vanslegare når venene ber han med seg på festar med sterk drikke, for faren har sagt at han ikkje vil sjå Sajjad meir om han finn ut at han har drukke alkohol..

Romanen går over ein treårstid, frå hovudpersonen, Sajjad, er 15 år til han er 18 år. Handlinga blir framstilt i kronologisk rekkefølge, utanom dei gongene Sajjad tenkjer på noko som har skjedd i fortida hans.

Handlinga går føre seg i hovudstaden vår, Oslo. I byrjinga av romanen går han på ungdomsskulen, på slutten går han på naturfaglinja på vidaregåande skule. Når han går på ungdomsskulen er han med ein gjeng som testar ut festing og alkohol. Dette likar ikkje Sajjad, for han huskar alltid på farens ord: "Den dagen du kjem heim dritings, kan du ikkje rekna med å få plass i dette huset meir. Då er du ikkje vår son lengre!" Sajjad kjem i eit mykje betre miljø når han byrjar på naturfaglinja. Der er alle i klassen veldig greie med han, særleg jentene.

Hovudpersonen: Han er ein pakistansk innvandringdom på 15 år, hans namn er Sajjad. Han har budd i Noreg sidan han var 4 år, saman med foreldra og dei to yngre søstrene sine. Sajjad går på skule, og om sommarferien prøvar han febrilsk å finna ein sommarjobb, men det er ingen som vil ha ein "pakkis". Det er vanskeleg å vere Sajjad, tykkjer Sajjad! Han høyrer ikkje til nokon stad føler han,

i Noreg er mange i mot han berre fordi han er mørk. Han kan ikkje flytta til Pakistan heller, for han kan ikkje skriva, lesa eller snakka urdu.

Andre viktige personar:

Faren: Han er ikkje blitt omtala med noko namn, berre som "faren". Faren er veldig streng, og han har masse reglar. Han tåler ikkje å bli motsagt, eller at reglane hans blir brott.

Nadia: Ho er den eldste systera til Sajjad, 6 år gamal. Voldsomt nyfiken!! Foreldra sender ho til onkelen i Pakistan, så ho skal lære seg urdu og bli kjend der til ho skal gifta seg. Sajjad er veldig glad i Nadia, dei kan snakka saman om nesten alt.

Trude: Er dottera til Herr og Fru Grøndahl, som flyttar til leilegheita over Sajjad. Trude og foreldra hennar kjem frå Mo i Rana, og snakka rart tykte Sajjad. Trude er like gamal som Sajjad, altså 15 år. Dei er kjempegode vener, Trude blir litt forelska i Sajjad også.

Laila: Laila var bestevenninna til Sajjad i byrjinga av romanen, men ho svikta han og då braut dei kontakta. Ho er 15 år, slik som Sajjad.

Hovudhandlinga i boka var om korleis innvandrarungdomen har det i kvardagen. Me får følgja Sajjad, ein pakistansk gut, gjennom alle problema, og alle dei fine tinga som skjer. Problema han (og andre farga) har er blant anna rasisme, nokon nordmenn tek alle som er mørke i huden for å vere kriminelle narkohaiar. Også fordi han ikkje heilt veit kor han høyrer heime, i Noreg eller i Pakistan!? Han er også lei seg for at systera "måtte" reisa til Pakistan. Det positive var at han hadde eit så godt forhold til mora og Nadia, og for at han hadde Trude som ei så god venninne. Det er fleire konflikter i boka, både mellom Sajjad og faren, og mellom Sajjad og "gjengen". Den største konflikten er mellom Sajjad og faren, men det ordnar seg heldigvis med ein lang og god prat.

"Pakkis" er ein roman som det er mykje tankar i, at me får vita kva hovudpersonen tenkjer mesteparten. Dette gjer at boka er ryddig og grei å lesa. Språket er ikkje vanskeleg. Det er ikkje noko særleg rotete i boka heller, det er litt på grunn av at tida går i kronologisk rekkefølge. Boka er inndelt i 21 kapittel. Når ein byrjar på eit nytt kapittel, har ein komme nokon timar, dagar eller veker fram i tida frå forrige kapittel.

Khalid Hussain tek opp problemet som heiter: rasisme. Han vil ha bort det synet som mange norske har om innvandrara, for eksempel at mesteparten av innvandrara er kriminelle og driv på med narkotika. Han tek også opp det med at innvandrara ikkje vil integrere seg i det "nye" landet. At dei har tvangsekteskap, og ender ungane som ikkje eingong kan språket ned til "der dei kom frå".

Forfattaren har samme som hovudpersonen, og veit derfor kva han skriv om. Alt er så truverdig som det går an å bli.

Forfattaren vil at dei som les boka skal danna seg eit bilete av korleis innvandrarungdom har det, og håpar dei kanskje forandrar syn på dei. Khalid Hussain trur norsk ungdom tykkjer innvandrarungdomen er noko mystisk og rart. Dei er ikkje meir mystiske og rare enn nokon andre,

men dei har annleis og kanskje vanskelegare problem å stri med.

Eg er einig i alt som står i denne romanen, unnateke at han framstiller nesten alle norske som rasister..slik er det jo ikkje.

Denne romanen passar best for ungdom i 12-18 årsalderen. Begge kjønn kan lesa denne boka, den passar bra i denne tida då dette med rasisme er eit viktig tema.

Eg tykte denne boka var litt i treigaste laget. Mange ting vart tekne opp fleire gonger, det burde vore litt meir varierte setningar og slikt.

Boka tek opp eit kjempeviktig tema, så dette er ikkje berre underhaldning, en også til ettertanke.

Boka var også ganske lett å lesa, og elles var alt bra!

Romanen "Pakkis" får terningkast: 4 (+)